

GRUNNEVATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 2. oktober 1980.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærre stadfest i Kvilldal sør for Kjetilstaddalen, og nord for Saurdalen.

Arealet er omlag 10 ha og h.o.h. 668 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men som namnet tilseier er det jamt over eit grunt vatn., der ein kan sjå botnen over storparten av arealet.

Stranda består av myr, stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Sand- og leirebotn dominerar.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Då vatnet er så pass grunt, er det ein frodig vegetasjon over store deler av botnarealet.

Nedslagsfeltet femner om myr, fjell og skogsmark med spreid bjørkeskog.

Hovudtilsaget fell inn i sør og kjem frå ei rekkje større og mindre vatn, med Stranddalsvatnet som det største. Elles fell det inn eit større tilsig i nord-aust kor Grunnavassfossen inngår. Avlaupet renn ut i nord til Kvilldalselva.

Dei kjemiske tilhøva.

Surheita pH vart under prøvefisket målt til 6.6 som er forbausande godt.

Innhaldet av kalk (Ca/l) er målt til 2.50 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) 4.0 mg/l. Bufferemna er såleis også relativt god.

Elektrisk leiingsemne uS/cm er målt til 17.2.

Gjennomstrøyminga er stor.

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, vårflugelarver, steinflugelarver, iglar, sneglar og linsekrepser. Ein ganske allsidig meny.



Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein noko fattig prøve.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 62 aurar. Fordelér vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, får vi desse grafiske framsyningane:



Det vart teke prøver av 30 aurar og av desse var 22 røde og 8 lys-røde i kjøttfargen.

Vidare var det 10 hanfiskar og 20 hofiskar.

15 fiskar var gytefisk og 15 stk gjeldfisk.

Ingen av fiskane var angripne av pårasittar.

Medelvekta av prøvefiskane var 183 gram.

Den største fanga fisken var 285 gram.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillingane nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.0	8.2	13.6	19.3	24.4	27.0
Årleg lengdetilvekst i cm	4.0	4.2	5.4	5.7	5.1	2.6
Antall fiskar	30	30	30	30	28	8

Medel kondisjonsfaktor = 0.99 tilseier fisk av bra kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for auren i Grunnavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, ligg veksten for auren i Grunnevatnet noko i underkant av normalen dei fyrste leveåra, men dette rettar seg litt opp ved 4-5 års alder.


Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Grunnevatnet karakteriserast som eit medels næringsrikt vatn kor tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er langt betre enn ein på førehand skulle tru og ein pH på 6.6 er ikkje vanleg i fjellvatna i dag. Grunnen til dette må vera bergartene i undergrunnen, som må vera lett forvitrelige og kalkholdige.

Mageprøvene synte relativt bra med næringsdyr av ymse slag, sjølv om planktonprøven var noko fattig.

Omfarfordelinga, og cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar.



Vekstkurven er litt i underkant av normalen og fortel at fiskebestandet er i største laget i høve til næringsferrådet.

Det som er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn, er nedslagsfeltet. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil gi seg utslag i vatnet - enten til godt eller vondt. Nedslagsfeltet for Grünnevatnet er stort og vekslande. Det er i stand til å nøytralisere den sure nedbøren ein i dag får, slik at vasskvaliteten blir god for fisk.

Vatnet er grunt, og med vegetasjon over det heile, noko som gir gode tilhøve for dei ymse næringsdyra.

Gytetilheva er gode i hovudtilsiget og også i andre bekketilsig kan auren gyta. Desse vil då under normale tilheve kunne sikre ei tilfredsstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til vassdraget går saman og skipar til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller ã anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan grunneigarane sjølve har eineretten til garnfiske. Grunnevatnet byr på fin, matnyttig fisk og mange er sikkert dei som ville prøve fiskelukka si her.

Fiskebestandet i dag er etter alt å døma litt i overkant av det næringsferrådet ein vil finna, noko som tyder på det har vorte fiska i minste laget i seinare år. Fisket kan såleis intensiverast noko i åra framover.

Tiltak utover det som her er nemnt skulle førebels ikkje vera naudsynt. Tilheva i Grunnevatnet er relativt gode og dei som steller med vatnet må sjå til om fiskestorleik, kvalitet o.l. endrar seg til det betre eller verre. I såfall bør det takast eit nytt prøvafiske.

Stavanger 2. april 1981

Einar Berg